

# Styresak

---

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Helse Vest RHF  
Dato: 20.01.2014  
Sakhandsamar: **Jan Erik Lorentzen**  
Saka gjeld: **Budsjett 2014 for Helse Vest RHF - administrasjonen**

**Arkivsak**  
2009/96/  
**Styresak 010/14**

**Styremøte 05.02. 2014**

---

## Forslag til vedtak

Styret vedtek budsjett 2014 for administrasjonen til Helse Vest RHF.

## Oppsummering

Forslaget til administrasjonsbudsjettet for 2014 syner ei auka ramme i høve til kostnadsramma som blei vedtatt under styresak 131/12B Inntektsfordeling 2014. Auken skjer grunna oppretting av to nye årsverk i sekretariatet.

## Fakta

Styret i Helse Vest vedtok under styresak 131/13B Inntektsfordeling 2014, inntektsramma for helseføretaka. Det vart i denne saka lagt fram ei kostnadsramme for administrasjonen på kr 109,8 mill inkl. lønns- og rekneskapscenteret (LRS).

## Kommentar

Administrerende direktør tilrår følgjande budsjettamme for 2014:

Administrasjon	Beløp
<b>Overført frå kjøp av helsetenester i 2013</b>	<b>106 491</b>
To nye årsverk i sekretariatet	1 700
Deflator 3,1 %	3 301
<b>Budsjettgrunnlag 2014</b>	<b>111 492</b>

## Lønns- og personalkostnader

Avdeling	Vedtatte årsverk	Herav vakante	Nye årsverk 2014	Sum årsverk
Kommunikasjonsavdeling	4	0	0	4
Fagavdeling	14	2	0	14
Sekretariat	4	0	2	6
Økonomi- og finansavdeling	14	0	0	14
Personal- og organisasjonsavdeling	4	0	0	4
Eigaravdeling	8	1	0	8
Administrerende direktør	1	0	0	1
Internrevisor	3	0	0	3
<b>Sum stillingsramme</b>	<b>52</b>	<b>3</b>	<b>2</b>	<b>54</b>

Helse Vest hadde ved utgangen av 2013 ei stillingsramme på 52 årsverk. I 3 av desse stillingane er det ikkje tilsett medarbeidarar per i dag. Desse stillingane er:

### 1 årsverk eigaravdelinga – tidligare vise AD

Stillinga har stått vakant sidan årsskiftet 2009/2010. Tidlegare stillingsinnehavar hadde ein særskilt erfaring og kompetanse, var fungerande administrerende direktør i ferie og ved fråvær og var styremedlem i alle helseføretaka. Administrerende direktør legg til grunn at det vil kunne bli behov for å bemanne stillinga med kompetanse på verksemdstyring/forretningsutvikling, og det er ønskjeleg å behalde den fleksibilitet som ligg i å ha denne stillingsheimelen tilgjengeleg.

### 2 årsverk i fagavdelinga

Det er ikkje funne rette kandidatar som både var skikka og kunne gå fullt inn i dei oppgåver stillingane krev.

## Nye årsverk

### To nye årsverk i sekretariatet

1. Ei stilling for å ivareta sekretariatsfunksjonen i Program for pasienttryggleik.

Stillinga skal organisere, førebu, skrive referat og følgje opp møter i

- o Styringsgruppa
- o Programgruppa
- o Referansegruppa (månadleg)
- o Utvida sekretariat (månadleg)
- o Intern sekretariat (kvar veke)
  - Skrive saksframlegg til møta over og andre, td styret.
  - Følgje opp rapportering frå helseføretaka
  - Førebu og organisere kursverksemd i helseføretaka
  - Følgje opp føringar frå det nasjonale programmet
  - Diverse sakshandsaming og utgreiing

2. Ei stilling for å ivareta sekretariatsfunksjonen for det interregionale fagdirektørmøtet (50 %) og nasjonalt bestillarforum (50%).

- Sekretariatsfunksjonen for det interregionale fagdirektørmøtet, er ein funksjon som går på rundgang mellom regionane. Møtekostnadar har vore delt på dei 4 regionane, men sekretariatsfunksjonen har ikkje vore fordelt.
- Sekretariatsfunksjonen for nasjonalt bestillarforum er ein ny funksjon som framover vil rullere mellom regionane etter same frekvens som det interregionale fagdirektørmøtet.

Stillinga skal organisere, førebu, skrive referat og følgje opp møter i

- o Interregionalt fagdirektørmøte
- o Nasjonalt bestillarforum
  - Skrive saksframlegg til møta over og andre, td styret.
  - Følgje opp informasjon til og gjennomføring i helseføretak
  - Diverse sakshandsaming og utgreiing

Administrasjonsbudsjettet i RHF-et i 2014 blir tilrådd vedtatt med til saman 54 årsverk.

I tillegg til dei administrative årsverka er det budsjettetert med midlar til følgjande ressursar:

### Regionale fellesløysingar

Det er i budsjettet tatt høgde for at ei rekke regionale fellesløysingar blir dekt under budsjettet for kjøp av helsetenester. Dette gjeld mellom anna midlar til:

- Regional datavarehussatsing
- Systemear/arkitekt ressursar
- Innkjøpsprogrammet
- Innkjøp regional koordinator
- Innkjøp regionale ressursar
- Regional analyse funksjon
- Samhandlingsmidlar (sekretærstøtte)
- kostnader knytt til areal som er tiltenkt regionale tenester
- Interregionalt eigeomsforum
- Regional pasientreisekoordinator

### Andre driftskostnader

Driftskostnadane er i hovudsak justert og omprioritert i høve til historisk forbruk i 2013.

### Lønns- og rekneskapsenteret

Lønns- og rekneskapsenteret (LRS) justerer dei 8,8 årsverka som er var inne i 2013 budsjettet til 9 heile årsverk. Eventuell vekst utover dette blir handtert gjennom auka inntektskrav.

LRS FINANSIERING 2014	IKT	RHF	APO	SUM
Utfaktureras/budsjettforslag	2 493	5 530	3 104	11 127

*Alle tall i heile tusen*

Inntekta frå Helse Vest RHF inkluderer kr 3,3 mill som eliminerer underskotet i LRS. Resten av finansieringa kjem frå fakturering for tenester levert til Helse Vest IKT as og Sjukehusapoteka Vest HF.

Det kan i løpet av 2014 verte aktuelt å levere tenester til Nasjonal IKT HF som er under etablering i Bergen. Ressursbehovet dette utløyser blir dekt inn gjennom auka inntekter.

#### Budsjettforslaget for administrasjonen er fordelt slik på enkeltpostar:

Budsjett for administrasjonen	2013	2014	Endring i %
<b>(3) Sals- og driftsinntekter</b>	<b>106 491</b>	<b>111 492</b>	<b>4,5 %</b>
<b>(5) Lønnskostnad</b>	<b>-60 434</b>	<b>-64 006</b>	<b>5,6 %</b>
(50) Lønn til tilsette	-41 351	-44 061	6,2 %
(52) Fordel i arbeidsforhold	-5	-5	0,0 %
(53) Annan oppgavepliktig godtgjersle	-2 162	-2 162	0,0 %
(54) Arbeidsgiveravgift og pensjonskostnad	-14 177	-15 085	6,0 %
(56) Kompetanse og rekruttering	-870	-773	-12,5 %
(59) Annan personalkostnad	-1 869	-1 919	2,6 %
<b>(6) Annan driftskostnad, av- og nedskrivning</b>	<b>-37 904</b>	<b>-36 625</b>	<b>-3,5 %</b>
(60) Av- og nedskrivning	-387	-549	29,5 %
(63) Kostnader lokaler inkl. energi og brensel	-4 890	-4 675	-4,6 %
(64) Leige mtu, maskinar, inventar o.l.	-155	-275	43,6 %
(65) Utstyr og driftsmaterialer som ikkje skal aktiveras	-420	-356	-18,0 %
(66) Reparasjon, vedlikehald og service	-70	-10	-600,0 %
(67) Eksterne tenester	-26 867	-25 298	-6,2 %
(68) Kontorkostnad, trykksak o.l.	-3 955	-4 442	11,0 %
(69) Telefon, porto o.l.	-1 160	-1 020	-13,7 %
<b>(7) Annan driftskostnad av-og nedskrivning</b>	<b>-5 402</b>	<b>-5 332</b>	<b>-1,3 %</b>
(71) Kostnad og godtgj. for reise,diett, bil o.l.	-5 032	-4 935	-2,0 %
(73) Sals- og reklamekostnad	-20	-1 592	98,7 %
(74) Kontingent og gåver	-90	-115	21,7 %
(75) Forsikringspremie, garanti. og serv.kostn.	-60	-62	3,2 %
(77) Annan kostnad	-200	-200	0,0 %
<b>(9) Interne transaksjonar</b>	<b>-2 751</b>	<b>-5 529</b>	<b>50,2 %</b>
<b>RESULTAT</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	

Alle tall i helle tusen

#### Kommentarar til dei største endringane:

- Auken i lønnskostnader utover ordinær lønnsvekt kjem i hovudsak av dei to nye årsverka i sekretariatet.
- Dei andre endringane er i hovudsak justeringar mellom budsjettpostar for å fange opp faktisk kostnadsnivå frå 2013. Desse går mot kvarandre og påverkar ikkje budsjettet samla sett.
- Dei interne transaksjonane dekkjer tenester og meirkostnader ved Lønns- og rekneskapsenteret.